

Referat frå møte 1 i SU/SMU

Stad:	Ågotnes sk.	Dato:	11.09.2024	Møtenr.:	1/2024-2025
Referent:	Magne Abelsen				
Deltakarar:	Jonatan Eriksson-Kvalvik (leiar elevråd) og Olav Skutle Lie (nestleiar elevråd), Ane Monsen Rong (leiar FAU) og Anja Stigen Mikkelsen (nestleiar FAU), Tore Foldnes (rektor), Stian Telle (kommunal representant), Aina Kolstad (rep. Lærar), Laila Nordvik (rep.lærar), Møyfrid Olsen (andre tilsette)				
Ikkje møtt:					

Tema:	Kva:	Oppfølging:
Saker frå skulen:	• Uteområdet: vi er heldige som har fått nytt uteområde med mykje nytt. Fredag denne veka kjem VestNytt for å lage ei gladsak om det nye uteområdet. Fire elevar skal vere med og føresette har gitt samtykke. Rektor har meldt inn nokre ting som bør utbetrast, og fått tilbakemeding om at deler av det skal gjerast i haustferien. • Skidag – skulen har reservert onsdag 05.02.25. FAU lurar på om dei kan bestille buss hos andre enn der kommunen har avtalar. Det skal vi undersøkje. • Leirskule 6.trinn - vi reiser til Hallingdal Leirskole i Ål. Skulen kontaktar BUA for å høyre om utlån av langrenn- og alpinutstyr. • Tilbod frå aktivitetstilbydarar: kva tenkjer FAU om dette? Vi har fått eit tilbod frå Skansen Bataljon bauekorps, som ønskjer å kome for å vise seg fram og rekruttere nye medlemmar. Vi tenkjer det kan vere greitt å orientere om lokale tilbod, men meir perifere saker deler vi ikkje. FAU melder i frå om det blir for mykje. • Skule- og bhg.bruksplan: Rektor orienterer om høyringsfristen som er 30.09.24 og spørsmål frå Oppvekstsjefen. FAU har gitt seg sjølv i lekse til neste møte å svara på spørsmål til. • Skuleruta 25/26: FAU har ingen merknader, så lenge vi ikkje kan flytte 17. mai. • Lekse: FAU tenkjer at den lekseordninga Rektor presenterte på felles foreldremøte var lik det FAU	

	ønskte førre skuleår, så dei var godt fornøgd. Skulen vil arbeide vidare med kva type leselekse som vert gitt og korleis vi vil følgje dei opp. SU tar opp saka i slutten av skuleåret med ei evaluering.	
Saker frå SFO:	Møyfrid Olsen er konstituert SFO-leiar.	
Saker frå elevrådet:	Elevrådet har hatt eitt møte og konstituert seg. Dei hadde ikkje med saker til SU/SMU denne gongen.	
Saker frå FAU:	• Uteområdet/ballingen på mellomtrinnet: FAU har utarbeida eit budsjett for å ruste opp ballbingen. RekTore nemner at eigedom har signalisert at dei kan få montert ei klokke på fotballbana og at lærarane allereie har drøfta å bruke fotballbana, løpebana og trimapparata i friminutta. Han foreslår å kalle inn eigedom, FAU-leiar og skule til eit avklaringsmøte, for å sjå kva som er gode løysingar i næraste framtid. • Innkjøp av utstyr til bruk i friminutta – kva kjøper skulen inn? FAU kjøpte inn fotball, handball og basketball til kvar klasse. Rektor vil ta ei oppteljing i klassane og supplere i klassane. • Skoovertrekk i bassenget – dei som er der er slitte og skitne. Skulen melder i frå til vaktmeister at det trengs nye skoovertrekk. • Stolar i Ågotneshallen - Rektor følgjer opp med eigedom om kommunen vil gå til innkjøp av stolar og bord. Viss kommunen ikkje kjem til å kjøpe inn stolar, så ønskjer FAU å handle inn nye stoler til 17.mai og vil då låse dei inn, slik at dei ikkje er disponible for alle. • Helseverngodkjenning – skulen har ikkje godkjent helseverngodkjenning. Det stoppar på nokre kommunale rutinar for kontroll av vasstiltørselen. • SFO – det har kome innspel om å få eit stille rom. Møyfrid seiar at det er utfordrande å lage eit stille rom utifrå bemanning. Ho har måtte redusere talet på baser for å få bemanninga til å strekke til. FAU, SFO- og skuleleiing arbeidar vidare i sine fora for auka ressursar til SFO.	



Ågotnes skule

Besøksadresse
Øygarden rådhus
Foldnesvegen 1
5354 STRAUME

Postadresse
Ternholmvegen
2
5337 RONG

Konto.nr.
1506.24.29981

Org.nr.
922 53 0890

Telefon
56 16 00 00

E post
postmottak@oygarden.kommune.no